


FASE 2

12. Februar - 01. Mars

Tomine Haaland Furelid



FASE 2

kutt vekk

Planlegging

Fokus i fase 2:

1 - Bli betre kjend med staden gjennom befaring og vidare analyser samt yttre påverknadar som kan forekomme.

2 - Utarbeide eit designstatement som vil lede oppgåva vidare.

3 - 3D modell og modell undersøkingar digitalt for å danne grunnlag for vidare designutvikling i neste fase.

Fase 2 vil hovudsakleg om å få kjennskap til staden og dens bruk samt brukarane som brukar staden i dag men også dei framtidige brukarane som skal nytte seg av tilbodet på dagsenteret. Dette er den kortaste fasen, så det er mykje arbeid som skal inn på kort tid, men dette er for å kunne rette mest fokus på å utvikle design i dei kommande fasane framover.

1

Samanstille intervju

Transkribere intervju og sette det sammen. Etter dette reflektere rundt kva dette kan tilføye prosjektet vidare og om det er noko anna informasjon eg har behov for.

2

Kontekstanalyse

Etter å ha blitt kjend med brukarane, og vurdere vidare korleis dette kan knyttast til ein større kontekst og utføre vidare kontekstanalyser til prosjektet.

3

Konkretisere brukargrupper

Etter vidare intervju og input frå ulike faggrupper og personar, danne ein katalog som sett saman kven dei ulike brukarane er og sette opp deira behov som ein vegleiar for arbeidet vidare.

4

Befaring

Gjennta befaringane med dei same metodane som nemnd i fase 1. Danne eit grunnlag for endring over tid samt skape fleire/ annleis inntrykk av staden kontinuerlig som prosjektet begynner å ta form.

5

Stadeigne kvalitetar og eigenskaper

Danne katalog for stadeige kvalitetar som kan lesast samman med brukar katalogen som vegleiar for vidare design. Men også sette dette opp mot teoriane som var undersøkt i prediplom.

6

Avsluttande

Samanfatte arbeidet frå fase 2 og reflektere over arbeidet og andre samtaler som har dukka opp gjennom fasen, planlegge vegen vidare.

1 - Samanstilling av intervju

*Monalf Figenschau - A*T arkitektur*

Intervjudato: 16.februar

Lengde: 46 minutter

Viktige punkt frå intervjuet

Oppgåva til A*T arkitektur har vore å programmere og komponere dei gamle planane for bygget slik at det kan passe til sitt nye formål. Bygget inni er reine hotellrom i dag, og skal lagast mindre slik at dei er passande for kontorareal/ samtale rom. Dei har skapt nye inngangar for dei ulike programma kor man i under etasjen har dagsenteret sine lokaler, i første etasje har man hovudinngang, utvida terrasse med eigen inngang til bydelskaféen som blir ny og ein eigen separat inngang til Losen sine lokaler på framsida av bygget i første etasje.

Mange av dei som arbeidar på prosjektet frå A*T sin side har stillt seg skeptisk til byggets plassering i forhald til den nye bruken, kor dei har diskutert at eit slikt tilbod ville egna seg betre i sentrum kor det er meir tilgjengeleg. Dei er fornøgde med resultatet og har sett at byggets nye funksjonar kan vinne nokre kvalitetar ved å ligge så tett på eit rekreasjonsareal. Dei har samarbeida med LoLe landskap for å danne utomhusplan som kan kommunisere med den nye bruken, kor det har vore diskutert korleis dei kan skjerme dei sensitive brukarane ved LGA (Tromsø læring gjennom arbeid).

I bestillinga dei fekk frå kommunen var det lagt vekt på å omdanne bygget innvendig for å kunne skape dette senteret med dei ulike tilboda. Men også lagt ekstra vekt på dei eldre og spesifikt dei demente som skulle ta i bruk senteret. Lågterskel tilbodet

meinar dei kunne låge kor som helst, men området her er best egna for dei eldre. Det var ikkje inkludert arbeid med utomhusplan i denne bestillinga, men dei fekk med LoLe på laget for å skape eit heilheitleg prosjekt. Under vegs i prosjektet har dei hatt samtalar med fagpersonale og dei profesjonelle som skal arbeide på plassen for å danne seg eit inntrykk rundt korleis dei kan skape gode arbeidsforhald og ein fungerande plan for dei nye som skal inn på senteret, medan interiørarkitektane har hatt fokus på å skape gode rom med god atmosfære for brukarane som skal ta i bruk bygget. Bygget er i dag ekskluderande for dei rundt som kan vere ei utfordring for opphald og bruk på utsida av bygget.

Eigen refleksjon

Gjennom samtalen med Monalf vart eg kjend med korleis dei som arkitektar har tenkt når dei arbeida med prosjektet og korleis dei har teke hensyn til dei ulike gruppene som skal inn. Dei har skapt ein plan som tek hensyn til alle brukarane og har løyst det på ein god måte. Eg er noko ueinig i at inngangen til Losen skal ligge så eksponert som den gjer, med tanke på at det er mange brukarar som gjerne ikkje ønsker ei slik eksponering kor man bryt med anonymiteten av å gå inn i eit bygg.

Robert Taknes -Psykolog ved Losen lågterskelsenter

Intervjudato: 19.februar

Lengde: 1 time og 47 minutter

Viktige punkt frå intervjuet

Robert arbeidar primært med dei som slit med lettare til moderate utfordringar innan psykisk helse, dette er i aldersgruppa 20-45 år han har mest kontakt med. Losen arbeider med alle typer problem, men Robert arbeider primært med unge og unge vaksne med lettare plager. Dei mest vanlege utfordringane man ser globalt er angst og depresjon som kjem av ulike faktorar men kan kjennast att som stress, utbrentheit, overdreven grubling og tankekøyr f.eks. Generellt ser dei at kvinner er flinkare til å oppsøke hjelp enn menn, men den samla statestikken rundt psykiske plager og lidingar kor pasienten oppfyller ein diagnose kvart år så ligg den til 1/6 og 1/4 av befolkninga.

Mykje av utfordringane vi ser er at mange snur i døra fordi dei ikkje finn fram, men har dei komt seg inn så kan venterommet vere litt overveldande for mange, dette kan vere viktig å sjå på når man arbeider med ei inne-ute kopling. Positive distraksjonar og det å flytte fokus kan ha positiv effekt på pasienten for å få tida til å gå fortare medan man ventar.

Det man ofte ser er at dei som slit med rus er dei som har begynt å sjølvmedisinere eller kompensere for vonde følelsar og tankar, så første steg før man når eit slikt stadie er å oppsøke hjelp og få hjelp til problema sine. Når vi behandler angst jobber man gjerne med eksponeringsterapi for å kunne

ufarliggjere tankane og følelsane man slit med, dette har vist god effekt i behandling. Men psykisk helse er veldig individuelt, men kan ha nokon generelle fellestrekk. Dersom man skal arbeide med diagnosar er det "enklast" å arbeide med sosial angst, panikk angst og mild depresjon, desse har mange like trekk men har også nokre formmessige utfordringar ved seg.

Hos dei eldre pasientane finner man ofte einsemd og bekymring som hovedutfordringane. Det å bli pensjonist i seg sjølv er ei psykisk påkjenning og kan vere fint å arbeide med for å forebygge dette. Natur er eit element som har vist seg å ha positiv effekt på psykisk helse, så hugs å inkludere naturen i prosjektet.

Eigen refleksjon

Robert gav meg mykje informasjon om dei ulike brukarane og hjalp meg å stille ulike diagnosar eg kan arbeide med. Dei har formmessige utfordringar man kan ta tak i og arbeide med både ute og inne. Mykje av kunnskapen eg har danna meg etter intervjuet blir teke med i prosjektet vidare for å utvlike kopling mellom inne og ute, men også for å danne rom for alle brukarane av det nye senteret.

Oppklaring i prosjektets retning

Basert på samtale med Robert Taknes (Losen)

Psykisk frisk versus psykisk sjuk

Det er normalt at alle ein eller fleire gongar gjennom livet vil vere gjennom ei hending kor man kan definerast som psykisk sjuk. Men for nokon utviklar dette seg og blir sittande igjen lenge. Dersom plagene vedvarer over lengre periodar mellom 2-12 månadar og man har klare begrensingar som hemmar en i kvardagen vil man kategoriserast som psykisk sjuk.

Det som mange ser på som psykisk sjukdom kan vere stress, overtenking og indre uro. Men dette er noko som er normalt å oppleve gjennom livet kontinuerlig fordi man stadig møter på nye og framande situasjonar man ikkje har vore borti før, og man klarer å handtere dette sjølv vil man kunne kvalifiserast som psykisk frisk.

Psykiske plager versus psykiske lidningar

Innan psykisk helse går det eit skille mellom ei plage og ei lidning. Plager kan vere engstelse, uro eller nedstemtheit. Desse plagene kan variere i grad frå lettare til sterke plager uten at det kategoriserast som ei lidning.

Ei lidning er når engstelsen, uroen og nedstemtheita blir så sterk at den hemmar deg i å ta del i aktivitetar du tidlegare har funne glede i. Når man skakkar om lidningar så er det ofte ein diagnose involvert. Dersom det er ei lidning førelegg det at det er eit tap av funksjon for eksempel ved jobb, skule eller ved relasjonar.

Milde, moderate, alvorlege og djupe utfordringar

Når behandlarar eller psykologar arbeidar med pasientar stiller dei ofte ein diagnose som gjer det enklare å veilede pasienten vidare i forløpet, men også for å kunne hjelpe pasienten best mogleg. Når man opererar med psykiske plager og lidningar sett dei det ofte i ein skala mellom mild, moderat og alvorleg. Det som skiller dei er av kor stor grad man sliter med utfordringane og kor mykje dei begrensar normale funksjonar. Ved Losen arbeidar dei primert med milde til moderate plager. Dette er gjerne pasientar/brukarar som har motivasjon og er fungerande til delvis fungerande i normalt liv.

Prosjektets visjon

Etter samtale med både arkitekten og psykologen eg intervjuar ønsker eg å strekke prosjektet i ei retning som gjer at man kan arbeide med kvardagsproblematikk eller sjå på området som ei avlastning for dei som vil rømme frå kvardagen og tilgjengleggjere tilbodet som skal vere på lavterskelsenteret og bruke utarela til å skape rom for normalbefolkninga. Det vil mest truleg vere meir retta mot dei som slit med lettare plager og milde lidningar. Med å rette eit spesielt fokus på desse brukarane vil man kunne tilrettelegge for at det blir for folk flest slik at dei tangerer normalbefolkninga og fleire vil finne glede og nytte av prosjektet sidan det skal henvende seg til heile samfunnet.

3 - Konkretisering av brukargrupper

Etter samtalen med psykologen ved Losen lavterskelsenter, Robert Taknes, har eg teke 3 diagnosar med meg vidare som eg kunne tenke meg å arbeide med. Dei har klare linjer for kva som er utfordringane deira og relativt greie behov dei trenger som eg kan bruke vidare til form og design.

Desse plagane/ diagnosane er noko som tangerer normalbefolkninga til svært høg grad og kan tilretteleggast for at ei normalbefolkning eller folk flest skal finne glede i prosjektet. Dei gruppene dei arbeider med på Losen er heller ikkje dei tyngste brukarane, som gir kreativ friheit til arbeidet.

Sosial angst

Diagnosen - det er ein overdreven frykt for å bli vurdert kritisk av andre eller å bli observert i negativ forstand. Det "må" vere ein observatør på andre sida. Ofte handlar det om at man er redd for å bli sett og vurdert av andre og at man skiller seg for mykje ut.

Behov - Tydleg entre, oversiktig, gode indikasjonar på kor man skal gå, mulighet for å kunne trekke seg unna for å skape kontroll over situasjonen, få til ingen fysiske barrierer/hinder, skape positive distraksjonar, ikkje skile seg ut.

Panikk angst

Diagnosen - Ved panikk angst har man sterke fysiske symptom som skjelving, hjertebank, svetting, svimmelhet og sterk indre uro. Dette kan kome "ut av det blå". Noko som kan vere ein av fleire triggerar for dette er "agorafobi" som er eit ord som stammar frå gresk som betyr markeds plass. Man er redd for store opne plassar.

Behov - Semi opne plassar, mulighet til å kunne trekke seg unna eller "rømme" frå området for å få kontroll på situasjonen, tydelege markeringar og indikasjonar på kor man kan gå/ trekke seg unna.

Mild depresjon

Diagnosen - Ved mild depreasjon så handlar der om periodisk nedstemtheit kor man sliter med å finne motivasjon og glede i ting/ aktivitetar man tidlegare har hatt glede av. Funksjonsevnen er/ kan vere delvis redusert. Dette er veldig individuelt, men desse pasientane har ofte ein indre drivar og eit ønske om å bli betre.

Behov - Positive distraksjonar, bevegelse, det å føle meistring, lette aktivitetar som er enkelt å gjennomføre, noko som kan gi glede eller skape glede, det å kunne ta del i aktivitetar både passivt og aktivt, mulighet for å handle/ delta i omgivelsane & at det skal vere lett tilgjengeleg.

Psykologien bak fargebruk i arkitekturen



Raud

Effekt: Spenning og stimulerande
Assosiasjon: (+) lidenskap, aktiv, sterk og varm, varsel eller signal. (-) intens, aggressiv, stram, fare og blodig
Karakter: Dominant og dynamisk farge, rettar fokus mot og opplevast nermare enn den er.



Oransje

Effekt: Spennande, stimulerande og oppmuntrande
Assosiasjon: (+) jovial, levande, energifyllt og ekstrovert (-) påtrengande og bråkete
Karakterer: retter merksemm, mindre maskulin enn rød og kan framstå billig ved feil valør.



Gul

Effekt: Oppmuntrande
Assosiasjon: (+) sol, oppmuntrande, sterk og viktig. (-) egosentrisk og skrikande.
Karakter: Når den er sterk er det ein "glad" farge. Strålende og varm, inspirerande og er "kommuniserande"



Grøn

Effekt: Avslappande
Assosiasjon: (+) roleg, oppfriskande, stille, nøytral og natur. (-) mykje brukt, slitsom, skuldfølelse.
Karakter: avslappande farge for auget å sjå på, symboliserer natur men også mugg og sjukdom.

Psykologien bak fargebruk i arkitekturen



Blå

Effekt: Avslappande

Assosiasjon: (+) rolig, edru, sikker og komfortabel. (-) skummel, depremerende, tristhet og kulde.

Karakter: "gjennomsiktig" farge, våt, kald og avslappande. Kan senke blodtrykk og puls ved eksponering




Lilla / rosa

Effekt: undertrykkelse og avslappande.

Assosiasjon: (+) verdig, intim og eksklusiv. (-) einsam, sorgfull, pompøs og inbilsk.

Karakter: balnding av rødt og blått som er psykologisk motsatt av kvarandre, forvirrende, men også delikat



Brun / svart

Effekt: verdig

Assosiasjon: (+) varm, sikker/ trygg, djup, abstrakt og stabil. (-) undertrykkande, død, sorg og tung.

Karakterer: tre og stein framstår som komfortabel og varm, uten om det kan det framstå som foråtnelse og forfall.



Kvit / grå

Effekt: Nøytral til avslappande

Assosiasjon: (+) rein, "sprø" og sterk/ lys. (-) tomt, sterilt, kjedeleg.

Karakter: Som dominant farge vil den framstå som tom, naken og steril.


Kva med farge i landskapsarkitekturen?

Varme valørar



Raud

Vegetasjon ved årstidsskifte, haust farge



Oransje

Atmosfæren ved solopp/nedgang, varmt lys, vegetasjonen ved årstidsskifte



Gul

Lyset ved solopp/nedgang, vegetasjonen ved årstidsskifte



Grøn

Vegetasjon eller lauvverk på våren og sommaren


Kva med farge i landskapsarkitekturen?

Kalde valørar



Blå

Vatn eller ein skyfri himmel



Lilla / rosa

Dette er ikkje ein farge man finner så ofte i landskapet, man kan finne dei på blomster etc.

Kontrast fargar



Brun / svart

Våt stein eller skugar av vertikale element i landskapet, lauvverk på bakken eller bark



Kvit / grå

Snø / lyset midt på dagen, skyer og tåke

4 - Befaring

Befaring onsdag 28. februar (09:30-12:00)

Dagens befaring varte i rundt 2 timar. Det var delvis skyfri himmel. Sola var allerede synleg på tomta før eg ankom permsenteret. Når eg ankom tomta var det fjære, kor neste venta flo var klokka 15:40. Temperaturen var rundt -2 grader og det var sterk vind frå sør-vest som gjor at dei høgaste og kraftigaste bølgene sprøyta opp over land.

Metode brukt

I denne befaringa la eg hovudvekt på å forstå staden gjennom #1 Estetiske kvalitetar og #3 Romlege kvalitetar. Når eg var på staden gjorde eg også notat på #2 Tekniske kvalitetar ved staden som gjor at eg haldt på litt lenger enn planlagt. Grunna låge temperaturar var det begrensa kor mykje eg fekk skissa på plassen, så eg brukte mest tid på å observere gjennom fotografi, lydopptak og nokre skisser i boka mi.

Refleksjon

Når eg ankom tomta i dag var det sterk vind frå sør-vest, men bygget til permsenteret skjerma delvis for vinden på oppsida av bygget. Sola stod relativt lågt på himmelen når eg ankom slik at skugge kastet frå bygget strakk seg utover heile den opne plassen på tomta på oppsida. Lyden av vinden som suste var mest dominerande på plassen som gjorde at det skjerma noko for støyen frå bilvegen. Grunna låg vannstand i fjæra opna det eit heilt nytt bevegelsesmønster i fjæra. Mykje mørke fargar frå

tang og tare gjorde at fjæra stod i stor kontrast til snøen som ligg i resten av landskapet. Det var ikkje like djup snø i dag som det var ved forrige befaring, som gjorde det å bevege seg i "hagen" på baksida av bygget litt enklare. Eg kom meg inn i dette rommet i dag og såg mykje tydlegare korleis dei vertikale elementa (trea) ramma inn ulike rom som er inndelt naturleg. Topografien var også meir visuell i dag sidan snøen hadde blåst meir vekk sidan forrige befaring.

Noko av det man ser anleis ved befaringa i dag i kontrast til forrige befaring var at heilt nede ved fjøra var det mykje meir snø som hadde smelta/ blåst vekk, meir av forrige sesongs vegetasjon var eksponert og fargespillet endra seg enormt frå forrige befaring. Sidan eg i denne fasen skal dele inn tomta og rette mest fokus på framsida av bygget som henvender seg til vegen undersøkte eg nokre av dei ideane eg har tenkt gjennom i denne fasen. Eg gjor direkte observasjonar på plassen som relaterte til den nye planlysinga for bygget og dei nye koplingane som inn og utgangar til dei ulike programma i bygget.

















Vegetasjon som naturleg avgrensing



Rommet på baksida av bygget mellom vegetasjon og fasade



Vegetasjon som rammar inn uterommet på tomta



Avstand mellom terreng og fasade ved smalaste parti



"negativt rom" mellom steiner i fjæra

Start på design fasen

I dette kartet har eg begynt å plassere ut dei ulike programma/ funksjonane eg tenker dei ulike romma skal ha. Denne skissa er også ein utvidelse av dei påbegynte analysekarta og refleksjonane eg har hatt undervegs sidan start. Denne skissa er i utgangspunktet litt for "presist" teikna, så eg kjem til å dele opp planet i to delar kor eg skissar på øvre del først, og inn i fase 3 lagar eg vidare utkast på nedre del av planet og sett dei saman etterpå.

Det man kan sjå her er at dei ulike ingangane til bygget er merka med oransje, eller desse er velkomst/ ankomstpunkt. Desse er viktig at dei relaterer seg til brukarane som skal nytte seg av inngangen. Det eg også har reflektert over i denne skissa er om man skal forhindre gjennomfart frå hovudvegen og inn forbi LGA. Det er ei sensitiv gruppe som bør skjermast mest muleg. Ein alternativ ankomstveg som ligg mellom dei to busstoppa vil kunne lede brukarane av bygget enten rett til bygget eller inn til ein sideveg som tek dei til baksida av bygget og ned til fjæra.


Kommunens planer for adkomst og området


Planen vart danna 04. mars 2019, og er fortsett ikkje realisert.

Oppe ved Strandvegen i dag er det eit 5 erma Y kryss, som kommunen vil gjer om til eit X kryss. Dette er for å sikre god gang og sykkeladkomst til LGA, sydspissen hotell og til rorbukta lodge. Den nye adkomsten til sydspissen hotell blir felles med LGA sin.

I grøntarealet/ friarealet sør for bygget er det bjørketrær med innslag av rogn og gråor, kor undervegetasjonen er delvis frodig. Dei skriv at dette er med på å gi redusert synligheit for bebyggelsen bak og at den derfor bør bevarast. Visjonen deira er å opne opp nokre av desse lysningane i skogen og halde nede viltvoksende artar for å kunne danne opphaldsplass med benker, bord og bålplassar for dei som bruker bukta slik at dei kan sitte litt mindre eksponert for vær og vind. Dei ønsker også og danne areal for apparater og dempa leik som er laga av naturmateriale og at dette bør ligge tilbaketrukkent frå turstien.

Inne i frområdet ligger det nokre pumpestasjoner for vann og avløp som vil bli sett på og vurdert om det skal samlast i eit avløp.





Tegnforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

B Boligbebyggelse (1110)

BH Hotell/overnatting (1320)

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SKV1-2 Kjøreveg (2011)

SF1-5 Fortau (2012)

SGS Gang-/sykkelveg (2015)

SS1-2 Sykkelveg/-felt (2017)

SVT1-9 Annen veggrunn - tekniske anlegg (2018)

SKH Kollektivholdeplass (2073)

§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur

GF Friområde (3040)

§12-6 - Hensynsoner

H570 Bevaring kulturmiljø (570)

Linjesymbol

— RpGrense

--- RpFormålGrense

--- Byggegrense (1211)

--- Regulert senterlinje (1221)

--- Frakjølning (1222)

--- RpAngittHensynGrense

--- Regulert høydekurve

Punktsymboler

↔ Avkjørsel - både inn og utkjøring

(1242)

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: FKB

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 33 basert på EUREF89/WGS84

Høydegrunnlag: NN2000

Ekvidistans 1 m

Kartmålestokk: 1:1000 (A2)



Detailregulering
Omregulering til grønnstruktur, Robukta
Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Tromsø
kommune

Arealplan-ID:

1823

Forslagstiller:

Tromsø kommune

Dato	Revisjon	Dato	Revisjon
27.02.2019	TH/U		
28.08.2019	TH/U		

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

Oppstartsmøte 12.10.2018

Kunngjøring av oppstart av planarbeid

120/19

Offentlig ettersyn fra 15. april til 25. mai 2019

2. gangs behandling

Offentlig ettersyn fra

Nv 2. gangs behandling

Kommunestyret sitt vedtak

PLANEN ER UTARBEIDET AV:

SAKS-NR.

DATO

SIGN.

BR

26112019

BR

101/19

02042019

TH

120/19


28.08.2019

TEGNNR.

DATO


SIGN.

Utkast 1 - til øvre del av planet




Ideen her er at man skal ta tak i utfordringane som kjem av å fjerne areal for bilar til å køyre foran heile bygget og rette fokus på at det skal vere for menneskeleg beveglegheit. Vi har også to inngangar på framsida av bygget som er hovudinnngagen til dagsenteret til høgre og inngangen til losen sin avdeling i bygget. Losen sin inngang bør vere skjerma, med tanke på brukarane som skal ta i bruk senteret. Vi har fleire areal som krevjer omtanke når det kjem til designmessige løysingar. Vi har snuplass for bilar og varelevering, aktivitetsbana og ankomspunktet til dagsenteret gjennom ny gangakse.

Utkast 2 - til øvre del av planet




I denne skissa følger eg reguleringsplanen frå 2019 om ny ankomstveg inn til bygget ned Slåttnesvegen. Ideen her er å danne fleire gjentakande sekvensar av belegning for å dele opp dei ulike romma som følger gangaksen ned til sydspissen permsenter. Ei utfordring med denne planen er at det er veldig ledande rett mot inngangen til Losen. Om denne planen skulle fungert måtte man ha lagt det anleis eller arbeida med å skjeme inngangen meir. I tillegg ser eg her på parkeringa og korleis den kan gjerast om til ein større snuplass for varer og taxi som dropper av dei eldre på veg inn til senteret. Det blir ein del "leftover spaces" ved denne planen og krevjer ein del bearbeiding for å fungere.

Utkast 3 - til øvre del av planet




Denne ideen er basert på å lage eit kutt gjennom kollen som ligger midt på tomta. Dette er fordi eg ser behovet for å danne ein klar akse som viser at dei som skal til hovudinngangen skal følge denne akse. For dei som skal til losen sin mottaksinngang går da på utsida som er ein smalare sti som leder rundt istaden for rett gjennom. Her kan man faktisk klare å lede folk slik at man unngår forbipassering av venterommet og hovudinngangen til pasientane på Losen, og man begrenser eksponering. Dette gjelder også for LGA som er ei sensitiv gruppe som bør skjermast mest mulig.

Utkast 4 - til øvre del av planet




Denne planen går meir direkte inn på utfordringa som ligg rundt at bygget er ekskluderande og kor man bruker ein gradient for å skjerm inn og utsyn, men også for å begrense beveglegheit opp mot fasaden på same tid som at man mjuknar opp området litt med meir innslag av vegetasjon. I snitta på sida viser det korleis man kan arbeide med vegetasjonen i ulike sjkk for å danne rom og korleis man kan opne opp eller stenge av. Ei referanse eg har tatt med meg i tankane når eg utarbeida denne skissa var vadehavssenteret i Danmark, og korleis man kan arbeide med ei ledande linje som kan føre brukarane rundt skogsknausen og inn til hovudinngangen som kan skjerm Losen sin mottaksinngang (som er den ruglete linja som følger terrenget)


Utkast 5 - til øvre del av planet



Kanskje man kan arbeide med kurver i gangaksen for å unngå direkte siktlinje mot inngangen til Losen. Men også prøve å kurve den naturleg for å skape ei bevegelseslinje som leder rett til hovuddinngangen til dagsenteret kor inngangen til Losen er litt meir anonym. I tillegg kan man prøve å uforlignere skogen som ligger på knausen som ligger midt på tomte og tilrettelegge med lys og sti + trapper for å tilgjengliggjere området og gjere det mindre skummelt. Utan om opningstidene til bygget kan man tilrettelegge for opphald, lek, bålpass og aktivitetsområder for å føre noko tilbake til lokalsamfunnet og brukarane av aktivitetsbana som ligger der i dag, for den trenger ei oppgradering. Man kan også tilrettelegge for ein alternativ rute heilt til venstre i skissa som fører ned til bukte og aktivitetsbana.



Eit utkast til korleis man kan jobbe med belegging for å lede bevegelsen i aksen, men også kunne skape avsidesliggende opphaldsrom enten kopla til stien/aksen eller trekk unna.



Zoom inn av snitt som ligger lenger oppe i skisse utkast 4. Korleis vegetasjonen kan ramme inn og stenge av for bevegelyhet.

6 - Refleksjon - Oppsummering

Prosessen

I denne fasen skulle arbeidet vere dedikert til analysearbeid. Det blei delvis satt til analysearbeid, men det blei ikkje ein fullskala produksjon av analyser som eg hadde forespeila meg. Etter studentpresentasjon fekk eg beskjed om å begynne å designe, så det arbeidet som har blitt gjort i denne fasen var ein begynnelse på designarbeidet vidare. Ideen var at eg skulle begynne å designe og teikne ut idear, og at dette ville hjelpe meg å sjå kva form for analyser eg trenger.

Innsatsen for denne fasen er eg ikkje generellt nøgd med, men det er noko arbeid som har komt ut av denne fasen også. Det må nok ein del omrokkingar til for at analysen skal vere med inn i neste fase, men eg vil stille det litt opent slik at eg ikkje får ein for stram plan eg skal arbeide med. Designet er viktig, og eg må begynne å rette fokus mot kva dette skal bli. Vis eg skal kunne presentere ideane mine hjelper det ikkje kun å arbeide med tekst og refleksjon, men faktisk produsere noko visuelt som andre kan sjå på. Det er dette som kommuniserer arbeidet eg vil rette fokus på, eller sjølve ideen.

Det eg er fornøgd med frå denne fasen er at eg fekk gjennomført intervjuet med både Arkitekten og psykologen. Det har gitt mykje innsyn i arbeidet og satt ein ny motivasjon/ drivar for prosjektet. Eg har også fått konkretisert brukargrubbene enda litt meir, så mykje begynner å spisse seg og ta form no.

Kjelder / tekst som har inspirert tankeprosessen

A. Kolstad. (2007) *Hvordan de fysiske omgivelsene påvirker oss, estetikk og velvære i helseinstitusjoner*. Tannlegetidene, 117:814 - 8. DOI:10.56373/2007-13-5

Greenbuilt. (2018, 1. april) *Color Psychology in architecture*. <https://www.greenbuilt.no/2018/01/04/color-psychology-in-architecture/>

Lysveileder. (2019, 19. juni) *Lysets betydning for våre omgivelser på kvelds- og nattetid*. <https://lysveileder.no/2019/06/19/lysets-betydning-for-vare-omgivelser-pa-kvelds-og-nattetid/>

M. Pereira. (2018, 9. juni) *The role of Color in Architecture: Visual Effects and Psychological Stimuli*. Archdaily. <https://www.archdaily.com/895498/the-role-of-color-in-architecture-visual-effects-and-psychological-stimuli>

M. Figenschau, senior rådgivar ved A*T arkitektur, Personleg kommunikasjon, 16. februar 2024

R. Taknes, psykolog, Personleg kommunikasjon, 19. februar 2024

Louis Poulsen. (ukjend) *Helbredende lys*. <https://www.louispoulsen.com/nb-no/reflections/the-light-cure>

Vegen vidare

Fase 3

Vegen vidare inn i fase 3 vil gå til å sleppe seg litt friare frå den satte planen og rette meir spesifikt fokus på å kommunisere idear gjennom skisser og planutkast. Den neste fasen går eg inn for å danne planforlag som vil kunne utvikle seg vidare gjennom arbeidet utover våren slik at eg kan fokusere på gode samtalar og drøftingar rundt prosjektets retning på studentpresentasjonane og ved midcrit etter påske.

I tillegg skal eg legge vekt på å danne meg ei verktøykasse eller designprinsipp eg kan følge gjennom fasen. Designstatement skal også begynne å ta form i denne fasen slik at det kan oppsummere arbeidet mitt for både sensor men også for dei som ser og lytter til prosjektet.

Denne sida er etterlatt blank